

## Nærare beskriving av byggjetiltak på eigedom Gnr50 Bnr3.

Grunnlaget for tiltaket er å leggja betre til rette for landbruksdrift, tilleggsnæringer og busetnad, også med tanke på neste generasjon.

Tiltaket er i tråd med kommuneplan og området vart implementert i arealdelen etter innspel frå m.a. underteikna i 2011 og etter drøftingar med landbruksavdelinga i Meland kommune. Det er under planprosessen ikkje kome merknader frå naboar til tiltaket. Flytebrygge/kai er godkjent av Bergen og omland hamnevesen.

**Konklusjon kommuneplanen:** *"I høve til utvikling av Ypsøy kystgard er tiltaket godt, Det vil lette tilkomst og gje høve til attåtnæring. Saltebod/gjestehamn vil være med på å sikre busetnaden og turistsatsinga på øya. Ypsøy driv med reiseliv på ein kystgard og må ha arealtilgang nært sjø.....Det vert difor lagt ut areal for flytebryggjer øst og nord for Notneset."*

Flytebrygge vil gjera tilkomsten til øya betre og tryggare gjennom heile året. Også for personar med ulik grad av funksjonshemning. Her vil ein og leggja til rette for at gjester og folk med tilknyting til Øpsø kan kunne kome seg i land ved behov.

På kaien vil ein kunne løfte materiell, reiskapar, fisk m.m. direkte frå båt og vidare inn/ opp i bod ved hjelp av vinsj og vindahjul.

Saltebod skal byggjast på tradisjonelt vis. Syner m.a. til salteboden på lo og sjøboden på Holmeknappen. (foto) Ein har søkt råd hjå m.a. Trond Oalann hjå Hordaland Fylkeskommune til utforming av bygget. Trond vart også nytta ved dimensjonering, utforming og reising av råbygg til nyalø ( eks. tradisjonelle vindauge vil ha gjennomgåande sprossar og syte for at ein kan nytte dagsljoset i arbeidet/opplæringa, på loftet vil ein knevegg syte for tilstrekkeleg ståhøgd i deler av rommet ).


Dette er etter forholda ei lita saltebod med om lag same storleik som den som sto på Notneset tidlegare. Med dette tiltaket vil ein også kunne ta vare på, og formidle den lokale og tradisjonelle byggeskikken for komande generasjoner.

Tiltaket vil også gje born/ungdom auka kunnskap om bruk og forvaltning av ressursane i havet.

Eit eventuelt felles bryggeanlegg for feriefolket kan etablerast på areal som bruk 1,2,3 og 5 har sams eigedomsrett til ved ytterst på Notneset.

Kystgarden og områda rundt har store verdiar knytt til natur, kultur, rekreasjon og friluftsliv. Ypsøy kystgard vil arbeide for å bevare og å styrke desse verdiane.

Øpsø, 14.03.16

  
Vigleik Mikal Ypsøy